

Fra: Roald Haug (roald.a.haug@odda.kommune.no)

Sendt: 30.08.2019 00:04:58

Til: Anne-Beth Njærheim; Anne Gine Hestetun; Aud Karin Oen; Benthe Bondhus; Benthe Bondhus; Helge Nævdal; Kari Sørensen Bernardini; Pål Kårbø; Roald Kvamme; Tom Sverre Tomren; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Mona Røsvik Strømme; Nils Marton Aadland; Silja Ekeland Bjørkly; Synnøve Solbakken; Terje Søviknes

Kopi: Jon Larsgard; Jostein Ljones; e-post, Postmottak

Emne: Vi ber om at de tek omsyn til våre formelle innspel til sambandet Jondal - Tørvikbygd mv.

Vedlegg: Referat sambandsmøte.pdf

Til:

Hordaland Fylkeskommune

Skyss

Fylkesutvalet

Møtet vårt med Skyss var konstruktivt. Vi fekk koma med innspel og vart informert om at dei ville ta innspela med seg vidare før ny innstilling.

Sambandet Jondal - Tørvikbygd er sterkast aukande av sambanda i Hordaland. Samstundes er sambandet blant dei med høgast trafikk på fylkesvegane. I tillegg har sambandet kun ei ferje og må såleis reknast som eitt svært kostnadseffektivt samband. Vidare vert sambandet stadig viktigare for Hardanger sin veg til Bergen og andre sin veg via Hardanger. Kvam, Jondal og Odda har over to tredelar av innbyggartalet i Hardanger. Også for delar av dagens Ullensvang herad er sambandet mykje brukt. Det er svært viktig med tettare kontakt mellom Kvam og den nye kommunen Ullensvang. Kontakten vil auka frametter og det vil bli vanleg å pendla mellom desse kommunane der det er mykje verdiskaping.

Difor er det fornuftig å auka antall avgangar i sambandet. Ikkje redusera avgangar. På sikt må sambandet grunna auke i trafikk, få eitt to-ferjesystem. På kort sikt må det freistast ei prøveordning med to ferjer i sommarsesongen. I møte med Skyss har vi lagt fram forslag om dette og opplevde at dei vil ta ein formell førespurnad positivt.

Samstundes bør sambandet styrkast med fleire avgangar etter siste ferje, Tørvikbygd-Jondal og siste ferje Jondal-Tørvikbygd.

I møte med Skyss vart det opplyst om at ein allereie på framlagt forslag må søka dispensasjon om arbeidstidsordningar/kviletid (6 timar). Vi har vore i kontakt med mannskap som arbeider på sambandet. Dei stadfester at dagens ordning krevjer dispensasjon. Vidare kjem det fram at ein like godt kan gå over til 12 timars skift og då unngå behovet for dispensasjonssøknad. Samstundes som det då ikkje er begrensing i avgangar utover dagens rutespenn. Dette kan gjerast utan at lønskostnadane aukar noko særleg. El.drifta er rimelegare enn dieseldrift. Difor meiner vi det er svært uheldig med reduksjon i antall avgangar. Derimot må antall avgangar på dagens ferje aukast, jf ovanfor. Kostnaden ved å auka antall avgangar vil vera svært avgrensa til energibruk m.v. over fjorden.

Vi har vedlagt referat frå møte mellom tilsette på sambandet Jondal-Tørvikbygd.

Vi har difor tre hovudforslag:

1. Fylkeskommunen/Skyss set opp prøveordning med to ferjer på sambandet Jondal - Tørvikbygd, sommarsesongen 2020.

2. Fylkeskommunen/Skyss ber om vurderingar av løysingar dei tilsette peikar på for å få til fleire avgangar på sambandet Jondal - Tørvikbygd alt frå 1.1.2020, sjå vedlagt referat. Vi ber om at slike løysingar vert teke omsyn til.

3. Tilbodet må utvidast i anbodsperioden der det er vekst i trafikken.

Mvh

Roald Aga Haug.
Ordførar
Odda kommune.
SIGN.

Jon Larsgaard.
Ordførar.
Jondal kommune.
SIGN.

Jostein Ljones
Ordførar
Kvam kommune
SIGN.

--

mvh

Roald Aga Haug
Ordførar
Odda Kommune
tlf: 97558400